



# Referat frå kommunemøte

Torsdag 16. mars 2023, Teams

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

**Deltakarar:** Kommunane, PST, HV-09, Valdirektoratet, DigiVestland, UDI, IMDi, KS, Region og Nordhordland IKS

**Ikkje til stades:** Etne, Fedje, Fitjar, Solund og Stryn

## Innhald

1. Innleiing .....	1
Kort orientering om tryggleikspolitisk situasjon og status ved atomkraftverk i Ukraina .....	1
2. Trygg gjennomføring av kommunevalet 2023 .....	2
Tryggleik i valsystemet EVA, iverksette tiltak og forventningar til kommunane og fylkeskommunen v/Anders Skaalgaard og John Andreas Johnsen, Valdirektoratet .....	2
Trusselvurdering før valet og iverksette tiltak v/Torgils Lutro, PST .....	3
3. Kommunesektorens overordna arbeid med informasjonstryggleik v/Kjetil Århus, DigiVestland ..	3
4. Flyktningssituasjonen.....	4
Orientering v/Belen Birkenes, UDI .....	4
Orientering v/Katrine Vidme, IMDi .....	4
5. Orienteringssaker frå beredskap.....	5
Rapportering.....	5
Naturfareseminar 29. mars – informasjon om tilskotsordningar frå NVE .....	5
Overfløydige stellefrakkar i kommunane.....	5
Informasjonsbrev 55 og 56 om koronavaksinasjonsprogrammet og forventningar til kommunane om vaksinasjon våren og hausten 2023. ....	6
Legemiddelberedskap .....	6

## 1. Innleiing

### Kort orientering om tryggleikspolitisk situasjon og status ved atomkraftverk i Ukraina

Det har no gått meir enn eitt år sidan Russland sin fullskala invasjon av Ukraina. Det er per no ikkje noko som tyder på ei snarleg løysing på krigen, verken militært eller diplomatisk.

Det er for tidleg å seie om kollisjonen mellom eit russisk jagarfly og ei amerikansk drone over Svartehavet vil få direkte konsekvensar.

Det rapporterast ikkje om særleg store endringar i den militære situasjonen i Ukraina. Det har ei god stund vore rapportert om harde kampar rundt byen Bakhmut i Donetsk fylke, og at det kunne sjå ut som om byen snart ville felle under russiske kontroll. I følgje The Institute for the Study of War (ISW) er det sannsynleg at Wagner-gruppa sin offensiv der likevel nærmar seg kulminasjonen.



ISW seier og at det generelle tempoet i russiske operasjonar i Ukraina ser ut til å ha gått ned den siste tida. Ein talsperson for det ukrainske pressesenteret skal i går ha sagt at russiske offensive aksjonar har minka betydeleg den siste veka. Han sa at russiske styrkar har mista offensivt potensial på grunn av betydeleg tap av personell og utstyr. ISW trur at den russiske offensive operasjonen i Luhansk fylke nærmar seg kulminasjonen.

Den førespegla ukrainske motoffensiven har lete vente på seg. Opplysningar i vestlege media er noko motstridande med omsyn til kva evne Ukraina har til å slå til. Sjølv om det er grunn til å tru at Russland har tapt veldig mykje meir personell og utstyr i krigen i Ukraina, er nok òg tapa store på ukrainsk side.

### *Zaporizjzja kjernekraftverk*

Den ukrainske generalstaben meldte igjen på onsdag om uro for ein aukande mangel på kompetente arbeidarar ved Zaporizjzja-anlegget. Det vart meldt at dei russiske styrkane hadde byrja å fjerne utstyr som er nødvendig for opplæring av dei tilsette frå utdannings- og treningscenteret på anlegget.

### Innspel frå Vest politidistrikt, v/ Gustav Landro - formidla av Haavard Stensvand i møtet:

Politiet tek ned patruljeringa ved Kollsnes og Mongstad og justerer beredskapstiltaka noko. Politiet er framleis avhengig av at dei som bur og arbeider i og kring anlegga er merksame, for å sikre at politiet framleis får meldingar om uønskte hendingar, dronar m.v.

## 2. Trygg gjennomføring av kommunevalet 2023

Den tryggleikspolitiske situasjonen gir grunn til å ha ekstra merksemd på kommune- og fylkestingsvalet til hausten, og tiltak for å gjennomføre det på ein trygg måte.

Vi har difor med oss Valdirektoratet i møtet, som har ansvaret for den operative gjennomføringa av val på landsbasis, medan kommunane og fylkeskommunane har ansvar for den praktiske gjennomføringa.

Tryggleik i valsystemet EVA, iverksette tiltak og forventingar til kommunane og fylkeskommunen v/Anders Skaalgaard og John Andreas Johnsen, Valdirektoratet  
*Vi legg presentasjonen ved utsendinga av referatet.*

Valdirektoratet orienterte om kva som ligg i direktoratet sitt ansvar, tryggleiken i valsystemet EVA, og kva tiltak som er satt i verk for å skjerme systemet. Dei orienterte òg om kva forventingar direktoratet har til kommunane og fylkeskommunen.

Eit hovudmål for Valdirektoratet er korrekt og sikker valgjennomføring med tillit i befolkninga. Det er viktig å hugse at hendingar i ein kommune kan påverke resten av landet/andre kommunar og befolkninga sin tillit til valgjennomføring.

Kommunar og fylkeskommunar har ansvaret for å oppretthalde god sikkerheit utover i systemet, medan Valdirektorat har ansvar i kjernen og for at systemet fungerer. Valdirektoratet skal òg gi støtte til kommunar og fylkeskommunar.

Direktoratet viser m.a. til nettstadane <https://valgmedarbeiderportalen.valg.no/> og <https://www.valg.no/> kor ein kan finne nyttig informasjon.



Valdirektoratet følgjer den sikkerheitspolitiske situasjonen og samarbeider tett med m.a. PST og NSM, og har merksemd på å sikre sine informasjonskanalar og system.

*Spørsmål frå Vestland fylkeskommune:* Fylkeskommunen etterlyser ein nasjonal kommunikasjonsplan som òg fungerer for fylkeskommunar og kommunar. Ein slik plan vil kunne støtte fylkeskommunar og kommunar i kommunikasjonsarbeidet i valgjennomføringa og når ein får spørsmål i sine kanalar.

*Svar frå Valdirektoratet:* Vi har løfta innspelet om ein kommunikasjonsplan internt hjå oss. Viss konkrete situasjonar oppstår, t.d. at ein får spørsmål i sine informasjonskanalar – send desse til oss så kan vi svare ut og eventuelt rute det vidare i våre kommunikasjonsliner.

### Trusselvurdering før valet og iverksette tiltak v/Torgils Lutro, PST

PST arbeider med å bidra til at valet til hausten vert eit sikkert og trygt val.

Fleire utanlandske statar har vist at dei har vilje til å påverke val. Politikar og myndigheitspersonar er ofte utsett for påverknad gjennom at andre lands etterretningstenester ønskjer informasjon. Dette er eit viktig tema for dei som stiller til val, og noko PST er merksame på.

#### *Truslar, hets og valdshandlingar*

Alvorlege vald mot myndigheitspersonar i Noreg er vurdert som lite sannsynleg. PST vurderer at dette òg gjeld for politikar, men har mykje merksemd på truslar og hets mot denne gruppa. Det er ei betydeleg utfordring for demokratiske system at t.d. personar vel å ikkje stille til val eller dempar seg i debattar grunna truslar og hets. PST har ansvar for oppfølging av truslar og hets mot myndigheitspersonar. Dei har òg fått ansvar for saker knytt til ungdomspolitiske representantar og sentralstyre. Andre politikarar er politiet sitt ansvar, men dei samarbeider tett.

PST produserer ugraderte vurderingar fram mot valet. Det er viktig å ha låg terskel for å gje beskjed om noko oppstår.

*Innspel frå KS: Valgløftet 2023* vart overrekk frå kommunane til stortingspresidenten på kommunalpolitisk toppmøte i går. KS vil ha fokus på dette fram mot valet. *Valgløftet 2023* kan de lese her: <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/demokrati-og-styring/Valgloftet-2023.pdf>

## 3. Kommunesektorens overordna arbeid med informasjonstryggleik v/Kjetil Århus, DigiVestland

*Vi legg presentasjonen ved utsendinga av referatet.*

Før jul hadde Statsforvaltaren eit temamøte om digital tryggleik. Kjetil Århus deltok i dette møtet, og vil i dagens møte kome med ei oppdatering av status frå KS sitt nasjonale program for å auke den digitale robustheita i kommunesektoren og korleis dette følgjast opp av DigiVestland.

Sidan førre møte har dei årlege trusselvurderingane frå PST, NSM og etterretningstenesta kome. Det vi observerer på kommunesida er veldig relevant for korleis vi digitaliserer kommunesektoren.

Aktørar som prøver å kome inn bak murane våre går etter det svakaste ledd i systema, og det er difor viktig å ha merksemd på desse. Århus minner òg om å ha merksemd på innsidepåverknad.

KS har saman med fagekspertar og i dialog med KDD, utarbeida eit forslag til program for IKT-tryggleik i kommunal sektor. Merksemda er m.a. på tiltak som trengs for å sikre kommunesektoren.



Arbeidet er levert til departementet og det er venta å kome ein rapport om ikkje lenge. Mange av tiltaka treff nasjonale aktørar. KS arbeider med å konkretisere dette, medan DigiVestland har fokus på tiltaka som er nærast kommunane.

Haavard Stensvand: det var ein diskusjon i etterkant av førre møte om Statsforvaltaren burde følgje opp, men no er det ein prosess i regi av DigiVestland. Vi ber kommunar om å gje oss eit signal om det er noko Statsforvaltaren treng å følgje opp.

### 4. Flyktningsituasjonen

Det kjem framleis mange flyktingar til landet, og så langt i år har det kome fleire enn kva planleggingstalet som vart presentert før jul tok høgde for.

#### Orientering v/Belen Birkenes, UDI

*Vi legg presentasjonen ved utsendinga av referatet.*

Det har kome 6942 asylsøklarar hittil i år, der flest kjem frå Ukraina, Syria og Afghanistan. Det kjem stort sett flest til ankomstsenteret på Råde, men òg ein god del til dei regionale registreringssentra.

Etter nyttår såg ein ei markant auke i tal flyktingar som kom til Bergen. Dette er no tilbake på nivået før nyttår. UDI har hatt merksemd på dette og undersøkte kvifor det blei ei så stor auke i Bergen. Det var fleire faktorar som spelte inn, t.d. at mange har relasjonar i området, forholdsvis billige og tilgjengelege flybilletter frå Polen og Tyskland og svært gode tilbakemeldingar på arbeidet som politi, helse og frivilligheita gjer.

Prognosane som blei presentert for tilkomst og busetting før jul er justert. UDI ser det som mest sannsynleg at ein no ligg nærare 40.000.

#### Behov for fleire mottaksplassar i 2023

Det er lite endring i mottaka i Vestland, men gitt prognosane for tilkomst og busetting vil det vere behov for fleire mottaksplassar i 2023 enn det vi har i dag. Det er framleis ein utstrekt strategi om akuttinnkvarteringar, men det er eit auka behov for ordinære mottak for å erstatte desse og dekkje forventa innkvarteringsbehov.

UDI opplyser at det skal vere ny konkurranse for etablering av mottak i heile landet. Det skal totalt skaffast mellom 2500-7500 plassar.

UDI oppmodar alle kommunar som er interessert til å ta kontakt med UDI.

#### Orientering v/Katrine Vidme, IMDi

*Vi legg presentasjonen ved utsendinga av referatet.*

Nasjonalt er det busett 5434 flyktingar, av dette 4871 med kollektiv beskyttelse. IMDi ser at i overkant av 85 % av desse er flyktingar frå Ukraina.

I Vestland (per 16. mars) er det busett 664 flyktingar, av dette 626 med kollektiv beskyttelse.

Som UDI påpeika så har prognosane for 2023 (som vart presentert i 2022) endra seg. Behovet for busettingsplassar er knytt til situasjonen internasjonalt, og kan såleis endrast ila året. Det er viktig å hugse at hovudvekta av dei som skal busettast i år endå ikkje er komne til Noreg.



Uavhengig av tala er det viktig å få til ei rask og god busetting. På den måten kan vi sørge for at opphald i mottak blir så kort som mogleg. IMDi ser at busettinga ute i kommunane framleis går svært rask.

### 5. Orienteringssaker frå beredskap

#### Rapportering

I slutten av februar vart det bestemt å avvikle den faste rapporteringa (STAF-rapporteringa) som kommunane har jamleg rapportert i over lang tid. Siste rapportering vart gjennomført i veke 10.

Rapporteringsløysinga har vore eit viktig bidrag for situasjonsforståinga hjå nasjonale styresmakter, både under pandemien og etter det fullskala krigsutbrotet i Ukraina. Rapporteringsløysinga vil kunne bli teke i bruk att viss det vert behov for det.

Vi minner om at viss det oppstår særskilte hendingar og utfordringar, så ønsker vi at informasjon om dette vert formidla vidare til oss. Det er forventa av oss at vi skal ha eit oppdatert situasjonsbilete for fylket, som vi rapporterer vidare til nasjonale styresmakter ved behov. Bruk beredskapsadressa vår: [sfvlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvlberedskap@statsforvalteren.no).

Vår oppfatning er at det ikkje er kritiske situasjonar i kommunane knytt tenestetilbodet til flyktningar, men vi oppmodar om å ha låg terskel for å melde frå til oss om det er situasjonar som er vanskelege knytt til tenestetilbod, eller andre sider ved handtering av flyktningar.

#### Naturfareseminar 29. mars – informasjon om tilskotsordningar frå NVE

NVE tilbyr ulike tilskotsordningar for kartlegging og sikring mot naturfare, som kommunane kan søke på. Onsdag 29. mars inviterer NVE til digitalt naturfareseminar der dei vil informere om tilskotsordningane, inkludert ein ny moglegheit for å søke om midlar til kartlegging av fare for flaum og skred.

Lenke til påmeldingssida finn de her: <https://www.nve.no//nytt-fra-nve/nyheter-skred-og-vassdrag/vil-du-vite-mer-om-nves-tilskuddsordninger-velkommen-til-naturfareseminar-29-mars/>

#### Overfløydige stellefrakkar i kommunane

Vi har fått spørsmål frå ein kommune om kva dei skal gjere med alle stellefrakkane dei fekk utdelt under pandemien. Frakkane vert nytta i svært liten grad og tek opp mykje lagerplass. Etter dialog med Helsedirektoratet har vi avklart at frakkane ikkje kan sendast tilbake til nasjonalt lager, men kan donerast til aktørar som treng dei. Viss det ikkje er nokon som ønskjer dei, kan frakkane kastast.

Som det er nemnt over presiserer Helsedirektoratet samstundes at det er viktig at kommunane har eit lager med smittevernutstyr tilsvarande seks månadars normalbruk. Det er såleis viktig at kommunane ikkje kvittar seg med utstyr som er nødvendig å ha på lager for å møte dette kravet.

Vi oppmodar om at kommunar som har overfløydige stellefrakkar tek dette opp i samhandlingsutvala som de har med helseføretaka. Då kan ein avklare om dette er utstyr som er aktuelt for helseføretaka å overta, eller avklare om det er andre aktørar (t.d. frivillige organisasjonar) som ein i fellesskap kan donere overfløydig utstyr til.

Viss det er nokon som deltek her i møtet som ønskjer å overta overfløydige stellefrakkar i kommunane, er det fint om de gir tilbakemelding til oss på [sfvlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvlberedskap@statsforvalteren.no), så



kan vi vidareformidle informasjon om det.

[Informasjonsbrev 55 og 56 om koronavaksinasjonsprogrammet og forventningar til kommunane om vaksinasjon våren og hausten 2023.](#)

Førre veke sendte FHI ut informasjonsbrev 55 om koronavaksinasjonsprogrammet. I brevet står det m.a. nokre forventningar til kommunane knytt til koronavaksinasjon våren og hausten 2023.

**Etter kommunemøte i går har vi motteke nytt informasjonsbrev nr 56 om koronavaksinasjonsprogrammet frå FHI. Informasjonen som blei delt i kommunemøtet er difor oppdatert her i referatet jf. det nye brevet frå FHI.**

FHI skriv m.a. at regjeringa har teke avgjerd om å følgje Folkehelseinstituttet sitt råd og anbefaler ny oppfriskingsdose til personar 75 år og eldre, og sjukeheimsbebuarar.

Vaksineanbefalingar for våren 2023:

- Ny oppfriskingsdose anbefalast til personar 75 år og eldre, samt sjukeheimsbebuarar.
- Ein ny dose vil vere særleg aktuell for dei som ikkje tidlegare har gjennomgått SARS-CoV-2-infeksjon, og for dei som har éin eller fleire underliggande risikofaktorar.
- Det bør ha gått meir enn 6 månadar sidan førre dose.
- Vaksininga bør gjennomførast i løpet av april.

Det går òg fram av breva at FHI vil avvikle nettskjema for bestilling av koronavaksine, og gå over til bestilling gjennom FHI sin nettbutikk. Siste leveringsveker det kan bestillast koronavaksiner gjennom nettskjema er veke 16 og 17. Kommunar som treng koronavaksiner levert i veke 18 kan bestille dette i nettbutikken til FHI seinast 2 veker i forvegen. Sjå informasjonsbrev nr. 56 for meir informasjon.

Informasjonsbrev nr. 55 om koronavaksinasjonsprogrammet finn de her:

<https://www.fhi.no/publ/brev/informasjonsbrev-nr.-55-om-koronavaksinasjonsprogrammet/>

Informasjonsbrev nr. 56 om koronavaksinasjonsprogrammet finn de her:

<https://www.fhi.no/publ/brev/informasjonsbrev-nr-56-om-koronavaksinasjonsprogrammet/>

### Legemiddelberedskap

Helsedirektoratet har gitt ei tilbakemelding til Statsforvaltaren i Agder på fire spørsmål om dimensjoneringa av kommunalt beredskapslager for smittevernustyr, og arbeidet med å etablere nytt nasjonalt beredskapslager for smittevernustyr.

I tilbakemeldinga går det m.a. fram, slik vi har orientert om tidlegare, at kommunane er venta å til ein kvar tid ha eit lager med smittevernustyr tilsvarende 6 månaders normalt bruk.

Informasjonen er relevant for alle kommunar, og vi legg difor spørsmåla og svara inn i referatet.

Spørsmål, med svar frå Helsedirektoratet:

1. Målgruppen for nasjonalt beredskapslager for smittevernustyr skal være offentlige helse- og omsorgstjenester. Altså kommunene. Hvordan påvirker dette kommunenes behov for beredskapslager for smittevernmateriell?

**Svar:** Nasjonalt beredskapslager påvirker i begrenset grad kommunenes behov for å lagre smittevernustyr. For det første må kommunene fullt ut selv dekke behovet i øvrige sektorer enn helse- og omsorg. For det andre vil nivået det planlegges for i helse- og omsorgssektoren bli regulert i



forskrift, og kravene i denne blir nok slik at kommunen selv har hovedansvaret, mens uttak fra nasjonalt lager kun er en ekstra sikringsmekanisme i ekstra krevende situasjoner.

2. Hvor skal informasjon om det nasjonale beredskapslageret ligge? Hvor kan kommunene finne informasjonen?

**Svar:** Så vidt vi vet har ikke Helse- og omsorgsdepartementet gitt sitt iverksettingsoppdrag til Helse Sør-Øst RHF ved Sykehusinnkjøp HF ennå, så dette vet vi ikke svaret på. Vi kommer tilbake til dette på egnet måte når vi vet mer.

3. Vi finner ingen ting om at nasjonalt lager også inkluderer materiell til vaksineringsmaterie – herunder forbruksutstyr som sprøyter, kanyler, tuffere til desinfisering osv. Dette ble det også mangel på i vaksineringskommunene gjennomførte – det medfører sannsynlig behov for beredskapslager på dette materiellet også. Hvem skal stå for beredskap av slikt vaksineringsmaterie? Nasjonalt lager eller kommunene selv?

**Svar:** Sprøyter (1 ml) + kanyler (23 gauge) vil bli en del av det fremtidige nasjonale pandemilageret, da dette er utstyr som fort blir mangelvare og som det tar tid å anskaffe. Øvrig utstyr ifm vaksinasjon (tuffere, desinfeksjonstørk, kanylebokser mm) må kommunene ha beredskap for selv. Dette er utstyr som er lettere å få tak i og som i all hovedsak produseres i Norge/Europa.

4. Helsedirektoratet fikk oppdrag i juni 2022 om å utrede mulig forskriftsfesting av krav til kommuner og regionale helseforetak/helseforetak om å sørge for tilgang til smittevernutstyr og personlig verneutstyr. Hva ble konklusjonen av denne anbefalingen? Kommer det en forskriftsendring på dette? Når?

**Svar:** Helsedirektoratet leverte før sommeren 2022 utredning til HOD med forslag til forskriftsfesting av krav til beredskapslagring av smittevernutstyr for kommuner og helseregioner/helseforetak, samt fylkeskommunene mht. offentlig tannhelsetjeneste. Til grunn for forslaget lå et premiss om at det skal sikres tilgang til smittevernutstyr tilsvarende seks måneders *normalforbruk*. Helsedirektoratet vurderte at seks måneders lagring av normalt forbruk i den enkelte kommune bør kunne håndteres logistisk uten behov for vesentlig kassasjon. Vi anbefalte også handlingsrom til å finne egnede, lokale løsninger for lagringen (f.eks. lokale lagre, samarbeid på tvers av kommuner, knyttet opp til helsefelleskap eller gjennom avtaler med leverandører eller grossister). Lagrene skal imidlertid være i Norge. Departementet har varslet at et forslag basert på utredningen vil sendes på høring våren 2023. Inntil videre forventes kommunene fortsatt (jf. brev av 7.10.21) til enhver tid å ha på lager en beholdning av smittevernutstyr tilsvarende minst 6 måneders normalforbruk.

*Neste planlagde kommunemøte er 20. april. Det er tidlegare sendt ut ein kalenderinvitasjon, og vi vil sende ut agenda i førekant av møtet.*